

Lindås kommune  
Att. Plan- og miljøutvalet

**Telefon**  
+47 56 57 00 70  
**Fax**  
+47 56 57 00 71  
**E-postadresse**  
post@abo-ark.no  
**Webadresse**  
www.abo-ark.no  
**Postadresse**  
Postboks 291, 5203 Os  
**Besøksadresse**  
Hamnevegen 53, 5200 Os

28.10.2016

**DALANE**

**15/1763**

**Svar frå plankonsulent på vedtak i PMU 8.6.2016 for Dalane, gnr/bnr 108/1, f.nr. 50- Lindås.**

PM gjorde

**PM - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Dalane, gbnr 108/1 fnr 50 til offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ein universell tilkomst mellom BKS og f\_BUT må sikrast i plandokumenta før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
2. Sikring av skjeringar må inn som eit eige punkt 2.8 i føresegna før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
3. Det må gjennomførast ei vurdering av trafikktryggleiken i krysset for tilkomstveg til dei nye bustadane og den etablerte gangvegen før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
4. Føresegn 4.3.1 må endrast til: «Det skal etablerast to parkeringsplassar per bueining. To parkeringsplassar på f\_SPA 1 skal opparbeidast som parkering for rørslehemma.»
5. Det må utarbeidast ny ROS analyse som legg til grunn Lindås kommune sin vedtekne mal før planen vert lagt til offentleg ettersyn.
6. Det skal etablerast garasjeanlegg i planområdet. Det kan også vurderast underjordisk garasjeanlegg.
7. Antall bueiningar skal synleggjerast i føresegner og plankart.
8. Føresegn 2.7.2. Ordet skal endrast til bør.

Svar på punkt 1:

Det er tilkomst til leikeplassen via trapper som går direkte frå bustadane på kote 77 og 74, og ned til leikeplass på kote 70. Tilkomst frå parkering til leilegheitene i første etasje vil skje via eksisterande gangveg som går frå kote + 77 til kote +74, med fall på omlag 1:9. Leilegheitene i 2. etasje har planfri tilkomst frå parkeringa. Leikeareala vil verte universelt utforma, og tilkomst til leikearealet går via gangsti med fall på 1:14.

Svar på punkt 2:

Tatt til følgje. Dette er lagt inn i § 2.7.3 i føresegnene.

Svar på punkt 3:

Tatt til følgje. Sjå planomtalen under kap.6.6.

Svar på punkt 4:

Tatt til følgje. Sjå § 4.3.1.

Svar på punkt 5:

Tatt til følgje.

Svar på punkt 6:

Tatt delvis til følgje. Det er regulert inn carport på alle parkeringsplassane. Sidan føremålet med planen er å legge til rette for bustadtilbod for husstandar i etableringsfasen og andre som har ei tilsvarande utfordring med å komme seg inn på bustadmarknaden, vil oppføring av garasjeanlegg verta svært kostbart.

Svar på punkt 7:

Tatt til følgje.

Svar på punkt 8:

Tatt til følgje.

Vedlagt følgjer følgjande reviderte dokumenter:

- Illustrasjonsplan
- Føresegner
- Planomtale
- Snitt

Med vennlig hilsen  
ABO Plan & Arkitektur AS

Unni M. S. Sjursen